



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Hilde Ordemann, 55 57 22 12

Vår dato  
16.03.2015  
Dykkar dato

Vår referanse  
2015/3925  
Dykkar referanse

Meland kommune  
Postboks 79  
5906 Frekhaug

### Melding om tilsyn med Meland kommune 27. og 29. mai 2015 – Barnevernet si handtering av meldingar

Fylkesmannen i Hordaland fører tilsyn med barnevernstenester i fylket, jf. barnevernlova § 2-3 fjerde ledd, jf. § 2-3b.

Vi melder med dette om tilsyn med Meland kommune 27. og 29. mai 2015.

Tilsynet er del av det landsomfattande tilsynet med kommunens arbeid med meldingar til barnevernstenesta og tilbakemelding til meldar.

Vi vil undersøkje kommunen si styring og kontroll med at

- meldingar til barnevernet blir handtert forsvarleg
- barnevernet varetek plikt til å gje tilbakemelding til meldar

Melding er definert slik: All innkomen informasjon om bekymring knytt til eitt eller fleire identifiserte barn i ny eller aktiv sak.

Tilsynet omfattar alle meldingar, frå offentlege og private instansar, frå privatpersonar og anonyme meldingar. Det er ingen avgrensingar i alderen på barnet eller alvorsgrad i meldingane.

Regelverk som blir lagt til grunn ved tilsynet er:

- Lov av 17. juli 1992 om barneverntjenester (barnevernlova)
- Lov av 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker
- Forskrift av 14. desember 2005 nr. 1584 om internkontroll for kommunens oppgaver etter lov om barneverntjenesten
- Andre relevante forskrifter

Innan 26. mars 2015 ber vi om at det blir utpeika ein kontaktperson for tilsynet.

Innan 17. april 2015 ber vi om å få tilsendt følgjande opplysningar:

1. Overordna organisasjonskart for Meland kommune og detaljert organisasjonskart for barnevernsteneste
2. Namn på leiarar og tilsette i barneverntenesta

3. Stillingsomtalar/ andre dokument som omtalar fordeling av ansvar, mynde og oppgåver for einingsleiarar
4. Namn på leiarar og tilsette i barnevernet
5. Eventuelle skriftlege rutinar om meldplikt til barnevernet og for barnevernet si oppfølging av mottekne meldingar
6. Informasjon om samarbeidsrutinar, eventuelt regelmessige møte/samarbeidsarenaer på tenestenivå mellom barnevern og andre kommunale tenester
7. Resultat frå leiinga sin gjennomgang og oppfølging av styringa (internkontrollen) med tenestene som dette tilsynet er avgrensa til
8. Kopi av alle meldingar til barneverntenesta i 2014 samt vurdering og konklusjon i kvar melding
9. Andre dokument kommunen meiner er relevante for dette tilsynet.

Dersom dokument som vert tilsendt er unnateke offentlegheit, ber vi om at dette går tydeleg fram. Send gjerne dokumenta som e-post til [fmhpostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmhpostmottak@fylkesmannen.no) så langt det er mogleg med omsyn til teieplikt.

Tilsynet blir utført som systemrevisjon. Program for tilsynet blir tilsendt seinast i veke 21. Tidspunkt for møte, intervju og stikkprøver og namn på personane vi ønskjer å intervju vil gå fram av programmet. Frå vår side er det ønskjeleg om alle som er sett opp til intervju, kan delta på opningsmøtet 27. mai og sluttmøtet 29. mai.

Vi ber om å få disponere møterom for gjennomføring av opningsmøtet, sluttmøtet og til intervju.

Ved tilsynet gjer vi stikkprøver i eit utval mapper (elektroniske og eller papirbaserte). Vi ber vi om å få eigen brukartilgang på fire pc-ar. Vi gjev kontaktpersonen for tilsynet nærare informasjon om tidspunkt for stikkprøve og kva mapper vi treng tilgang til. Heimel for innsyn i mapper følgjer av barnevernlova § 2-3 sjette ledd.

Ver venleg å informere einingsleiararar og tilsette om tilsynet slik at dei kan legge til rette og vere tilgjengelege ved tilsynet.

De er velkomne til å ta kontakt dersom de har spørsmål om tilsynet og den praktiske gjennomføringa av dette. Kontaktpersonar er Hilde Ordemann, [fmhohio@fylkesmannen.no](mailto:fmhohio@fylkesmannen.no) Marianne Hammer, [fmhomar@fylkesmannen.no](mailto:fmhomar@fylkesmannen.no). Marianne Kjelby deltek også ved tilsynet.

Med helsing

Helga Arianson  
fylkeslege

Hilde Ordemann  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*